



## **FORSKRIFT TIL ORDENSREGLEMENT FOR SKULANE I SOGNDAL KOMMUNE**

### **§ 1. Heimel**

Med bakgrunn i St.vedtak (826) 08.06.2017 om samanslåing av kommunane og Opplæringslova § 9A-10 har skuleeigar i dei 3 kommunane fastsett forskrift om felles reglement for orden og åtferd for grunnskulane i dei tre kommunane og for Nye Sogndal kommune frå 01.01.20.

### **§ 2 Føremål**

Reglementet skal bidra til at skulane er prega av at elevane si læring og meistring skal fremje trivsel, tryggleik, kunnskap, dugleikar og gode haldningar. Vi skal ha ein skule med nulltoleranse for mobbing.

### **§ 3 Verkeområde**

Ordensreglementet omfattar alle kommunale grunnskular. Forskrifta til ordensreglementet gjeld for elevane i skuletida, på skulevegen, på skulen sine turar, leksehjelp og ved skulen sine arrangement. Ordensreglementet gjeld og for krenkingar som skjer utanom skuletid, dersom det har sitt opphav i skulesituasjonen eller set preg på den.

### **§ 4 Skulen sitt eige ordensreglement – elevane sitt psykososiale skulemiljø**

Skulen sitt eige ordensreglement skal ta utgangspunkt i det kommunale reglementet med tilpassing til lokale forhold og særleg sikre at skulen har rutinar og prosedyrar for å i vareta det psykososiale skulemiljøet. Det er rektor som vedtek det lokale reglementet, men alle rådsorgana til skulen skal ha uttalerett i utarbeiding og vurdering av reglementet. Rektor skal syte for at det lokale reglementet ikkje er i strid med opplæringslova og kommunal forskrift til ordensreglement.

### **§ 5 Elevane sine rettar**

Du har rett til:

- å ha eit trygt og godt lærings- og skulemiljø
- at alle behandlar deg på ein ordentleg måte
- at andre viser deg respekt og let det du eig vera i fred
- at du ikkje vert utsett for digitale, fysiske, psykiske eller verbale krenkingar
- at tilsette grip inn og reagerer ved brot på god framferd eller farlege hendingar

### **§ 6 Elevane sin plikter**

Du har plikt til å:

- arbeida for eit godt lærings- og skulemiljø
- behandla andre på ein ordentleg måte
- visa respekt for andre og la det dei og skulen eig vera i fred
- ikkje krenka andre elevar verken digitalt, fysisk, psykisk eller verbalt.
- følgja skulen sine reglar for orden og oppførsel.



## § 7 Orden

Elevane skal ha god orden. Det er god orden å:

- møta presis og førebudd på skulen og til undervisninga
- ha skulesakene i orden
- ha med nødvendige læremiddel og utstyr og ta vare på det
- gjera skulearbeidet så godt du kan og til rett tid.

## § 8 Åtferd

Elevane skal ha god åtferd. Det er god åtferd å:

- vera hyggelege og høflege mot alle du møter
- syne omsyn og respekt for andre uansett kjønn, nasjonalitet, religion, livssyn, seksuell orientering m.m.
- syne respekt for undervisninga og gjere ditt for å halde arbeidsro i timane
- rette deg etter beskjedar frå skulen sine tilsette
- følgje skulen sine reglar for melding av fråvær
- syne nettvett og følgje skulen sine reglar for bruk av mobiltelefon, datautstyr og digitalt utstyr
- følgje skulen sine reglar for bruk av hjelpemiddel og spesialutstyr
- vere på skulen sitt område i skuletida og ikkje forlate det utan særskild løyve. Den einskilde skule må kartleggje kvar grensa til skulen sitt område er.

Åtferd som ikkje kan akseptast:

- trakassering eller mobbing
- true med eller utøve fysisk vald
- fusk eller forsøk på fusk
- ha med, bruke eller vere påverka av alkohol, narkotika eller andre rusmiddel
- bruk av tobakk eller snus på skulen sitt område eller når skulen har tilsynsansvar
- ha med eller bruke farlege gjenstandar utan løyve frå skulen
- fotografering, filming og ta lydopptak av elevar og tilsette utan samtykkje.
- offentleggjing av rasistisk, nazistisk, pornografisk eller anna krenkande innhald eller å oppsøke slike sider.

## § 9 Bruk av elektroniske hjelpemiddel

- IKT-utstyr som vert brukt i skuletida, skal brukast til skulerelaterte oppgåver
- privat IKT-utstyr som mobiltelefon, nettbrett, berbare datamaskiner og liknande, skal berre brukast etter avtale med skulen
- smartklokker som har telefon - og datafunksjonar vert å samanlikna med mobiltelefon og skal berre brukast etter avtale med skulen.
- publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr, skal ikkje innehalde tekst, bilde, lyd eller video som kan verke støytande eller henge ut enkeltpersonar eller grupper
- fotografering, filming og lydopptak av elevar og tilsette krev samtykke frå dei som vert eksponert
- elevane kan ikkje installere privat programvare på kommunalt utstyr
- brukarnamn og passord er privat og skal berre brukast av den aktuelle eleven



- IKT-bruk utanom skuletid er i utgangspunktet heimen sitt ansvar, men åtferd som har tydeleg tilknytning til skulen eller påverkar skulekvardagen, kan falle inn under skulen sitt ansvarsområde
- Sjå elles eige IKT-reglement

### **§ 10 Førebygging av ulukker**

- vis god framferd og følg trafikkreglane på veg til og frå skulen
- dersom elevane sykklar til og frå skulen, skal dei bruka sykkelhjelm. Syklane skal parkerast på merka område, slik at trafikken ikkje blir hindra. Ein skal ikkje nytte sykkel eller moped på skulen sitt område.

### **§ 11 Tiltak ved brot på ordensreglementet**

Alle tiltak og sanksjonar ved brot på reglane må vere forståeleg for elevane og må stå i samsvar til brotet på regelverket. Eleven pliktar å rette seg etter pålagde tiltak. Dersom eleven ikkje overheld dette, kan det føre til nye tiltak. Kollektiv straff er ikkje tillate.

Skulen kan nytta desse sanksjonstiltaka:

1. Munnleg eller skriftleg rettleiing frå tilsette
2. Mobiltelefon og anna digital utstyr kan bli inndregen ut skuledagen.
3. Pålegging av oppgåver for å rette opp skade eleven har påført skulen sin eigedom eller eigendeler (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging eller liknande). Eleven (føresette) kan i tillegg bli erstatningsansvarleg etter skadeerstatningslova § 1-1 og 1-2.
4. Oppmøte på skulen utanom vanleg skuletid for samtale med rektor/andre tilsette på skulen eller utføring av pålagde oppgåver
5. Eleven mistar rett til bruk av skulen sitt utstyr som til dømes datamaskiner for kortare eller lengre tid
6. Inndraging av gjenstandar som er ulovlege eller vert brukt på ein farleg eller ulovleg måte
7. Skulen kan og vurdere ein meklingsprosess i regi av konfliktrådet
8. Bortvising frå gruppa for resten av arbeidsøkta, resten av dagen eller inntil 3 dagar, jf. opplæringslova § 2- 10
9. Bortvising frå arrangement og turar som skulen arrangerer
10. Mellombels eller permanent klassebyte eller anna alternativ tilbud innanfor skulen si ramme.
11. Permanent byte av skule i kommunen, jf. opplæringslova § 8.1
12. Melding til politiet om straffbare forhold.

### **§ 12 Vurdering i orden og åtferd**

Vurdering i orden og åtferd skal gjerast ut frå reglane om orden og åtferd i denne forskrifta, samt skulen sitt lokale ordensreglement Eleven sin orden og åtferd kan ikkje fastsettast ut frå anna vurderingsgrunnlag enn dette.

Karakteren i orden og åtferd vil som eit hovudprinsipp, verte sett ned ved gjentekne brot på ein eller fleire reglar. Karakterane kan også settast ned ved enkelthendingar om det gjeld særleg grove brot på reglementet



### **§13 Politimelding**

Alvorlege hendingar og skadeverk vil bli meldt til politiet.

### **§14 Erstatningsansvar**

Ved skadeverk på skulen sin eigedom kan elev og/eller foreldre/føresette verte erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell.

(Skadeerstatningslova § 1.1 og 1.2.)

### **§15. Sakshandsaming ved bruk av tiltak**

- Skulen skal sørge for at avgjer i høve tiltak vert teke på eit forsvarleg grunnlag
- Eleven skal ha fått høve til å forklare seg for den som tek avgjerda
- Tiltaket skal grunngjevast. Dersom avgjerda har særleg betydning, skal dette gjerast skriftleg
- Før avgjerd om bortvising, skal skulen ha vurdert bruk av andre tiltak eller hjelpetiltak
- I alvorlege saker skal foreldre/føresette varslast så langt det er råd

Foreldre/føresette til elevar på 1-7 trinn skal varslast før det vert sett i verk bortvising for resten av skuledagen.

Tiltaka i § 11 nr. 8 , 10 og 11 i denne forskrifta er å sjå på som enkeltvedtak og skal handsamast i tråd med reglane for enkeltvedtak i forvaltningslova.

### **§16. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft frå det tidspunkt skuleeigar bestemmer. Reglementet for orden og åtferd, både den kommunale forskrifta og skulen sitt lokale trivselsreglement skal gjerast kjent for elevar, foreldre/føresette og tilsette kvart år i byrjinga av skuleåret. Forskrifta og det lokale reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skulen sine nettsider. Rektor har ansvaret for at dette vert gjort.



## Vedlegg til ordensreglementet - Utdjuping av regelverket

### 1. Bortvising

Bortvising frå undervisinga i grunnskulen er regulært i opplæringslova § 2- 10. Tiltaka kan berre nyttast når det er heimla i ordensregelementet. Lova krev og at regelbrotet skal vere av ei alvorleg art eller at eleven har brote reglementet fleire gonger. Det er også eit vilkår for bortvising at skulen har vurdert å nytte andre tiltak eller reaksjonar overfor eleven. Elevar på 1. – 7. trinn kan berre visast vekk for einskild timar eller for resten av dagen, elevar på 8. – 10. trinn kan visast vekk inntil tre dagar. Det er rektor som fattar vedtak om bortvising, men kan bestemme at einskildlærarar skal ha rett til å bortvise elevar frå eiga undervising i inntil to timar. Vedtak om bortvising av elevar opptil to klokketimar er ikkje å rekna som einskildvedtak etter forvaltningslova §2.

### 2. Mobbing og valdeleg åtferd

Mobbing, vald og truslar om vald skal ikkje bli akseptert i Sogndalsskulen. Mobbing er fysisk og / eller psykiske angrep over tid som er retta mot ein eller fleire elevar/tilsette. Den einskilde skule skal ha eigen handlingsplan mot mobbing.

Elevar som truar med vald eller utøver vald kan bli vist vekk frå undervisinga eller skulen. Foreldra til den som utset andre for vald eller til den som vert utsett for vald skal bli kontakta om barnet deira er involvert i slike hendingar. Grove valdshendingar vert meld til politiet av rektor.

### 3. Farlege gjenstandar på skulen

På skulen sitt område er det ikkje tillate å ha med gjenstandar som kan nyttast til å utøve skade på andre. Farlege gjenstandar kan bli beslagelagde av skulen. Ulovlege gjenstandar vert overlevert til politiet. Andre inndregne gjenstandar vert overlevert til foreldre etter skuletid.

### 4. Rusmiddel

Det er forbode å vera rusa, bruke, oppbevare, omsette ~~eller eige~~ snus, tobakk, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område eller på aktivitetar i regi av skulen. Skulen skal kverrsette rusmidlar som vert teke med på skulen.

### 5. Mobiltelefon og Internett

Den einskilde skule kan vedta lokalt tilpassa reglar for bruk av mobiltelefon. Skulen må òg vedta sanksjonar ved brot av reglane. Den einskilde skulen skal vedta nettvett – reglar. Desse reglane skal vera retningsgivande for korleis elevane skal bruka og forholde seg til digitale verktøy og bruk av IKT – utstyr. Dersom elevane bryt dette reglementet, kan dette føre til tiltak etter reglane i punkt 3.1. Ulovlege forhold kan bli politimelde.

### 6. Fusk

Fusk eller forsøk på fusk får konsekvensar for vurdering i åtferd. Dersom ein elev fuskar i prøvesituasjon, vil prøven bli annullert. Elevar på ungdomstrinnet skal varslast om faren for ikkje å få terminkarakter.



Eksamen i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller prøvd å fuska på eksamen. Spørsmål om annullering av eksamen i faget skal bli avgjort av rektor. Vedtak av annullering av eksamen kan klagast til Fylkesmannen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen.

#### 7. Hærverk på skulen sine bygningar og eigendeler som høyrer til skulen, elevar eller tilsette.

Forsetteleg eller uaktsam skade eller hærverk på skulen sine eigendelar og utstyr kan medføre eit erstatningsansvar overfor føresette. Det same gjeld tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr, jf. §1 – 1 og 1 – 2 i skadeerstatningslova. Elevar som utøver hærverk, kan bli pålagde å rydde opp etter seg eller utbetre skaden. Arbeidet skal stå i rimeleg forhold til lovbrottet.

#### 8. Undersøking

Ved grunn til mistanke om brot på punkt 3 og 4 i vedlegget, kan skulen si leiing i det einskilde tilfellet be eleven om samtykke til å foreta ein kontroll av eleven sine eigendelar. Det skal vera fleire til stades ved ein slik kontroll, og det skal gjerast så skånsamt som mogleg. Eleven sine føresette skal ha moglegheit for å vere til stades ved ein eventuell kontroll.

#### 9. Straffbare forhold

Dersom det ligg føre ein mistanke om straffbare forhold, kan rektor be om bistand hjå politiet. Eleven sine føresette skal så langt det er mogeleg bli varsla munnleg, samtidig som ein ynskjer bistand frå politiet. Foreldre/føresette skal uansett bli varsla skriftleg om at ein har søkt bistand hjå politiet.

#### 10. Fråvær

Gyldig fråvær vert rekna som fråvær som skuldast sjukdom eller at eleven har fått godkjend permisjon på bakgrunn av § 2 – 11 i opplæringslova. Foreldre skal levera skriftleg melding til skulen ved alle typar fråvær, ~~og~~ timefråvær og forseintkomingar. Lærar kan gi løyve til permisjon i inntil tre dagar, medan rektor kan etter opplæringslova § 2-11 gi permisjon i inntil ti dagar. Dersom eleven skal vera borte frå skulen i meir enn tre dagar, skal foreldra søkje om permisjon til rektor. Skjemaet ligg på skulen si nettside.

Ved søknad om permisjon utover ti skuledagar skal eleven skrivast ut frå skulen. Det skal i slike tilfelle skrivast ein avtale mellom eleven/føresette og skulen om at eleven ikkje er elev ved skulen lenger. Det er ein føresetnad at denne avtalen ikkje påfører skulen/kommunen eit juridisk eller økonomisk ansvar.

I opplæringslova §2-11 om permisjon frå undervisninga heiter det:

*«Det er eit vilkår for retten at foreldra syter for naudsynt undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmente undervisninga etter at permisjonstida er ute.»*

Elevar som høyrer til andre trussamfunn enn Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skulen dei dagane deira trussamfunn har heilagdaggar, jf. opplæringslova 2 -11. Skulen må ha søknaden i forkant av fråværsperioden.



## 11. Elevane sine verdisaker og personlege eigendelar

- skulen er ikkje ansvarlege for verdisaker og personlege eigendelar som vert borte eller skada i skuletida
- eleven er forsikra mot personskade i skuletida og reise til / frå skulen.

## **IKT-reglement for elevar**

### **Føremål:**

- Målgruppa for reglementet er elevar i grunnskulen.
- Reglementet avklarar akseptabel bruk av informasjons- og kommunikasjonsteknologi for målgruppa.
- Reglementet skal forhindra utilsikta og uønska hendingar.
- Reglementet vil beskytta brukarar og trygga den pedagogiske læringssituasjonen.
- Reglementet skal bidra til å avgrensa rollar, rettigheter og plikter for elevar og kommunen.

### **Omfang:**

Gjeld for all bruk av datasystem i kommunen, også privateigd utstyr som koplust til Sogndal kommune sitt datanett. Når programvare eller informasjon som er eigd av Sogndal kommune installerast på privat utstyr, er også dette omfatta av reglementet.

### **Definisjonar:**

- IKT tyder informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Med det meinast alt av elektronisk utstyr og programvare som vert nytta.

### **IKT-reglementet gjeld for:**

- Alle grunnskuleelevar i Sogndal kommune.

## **1. Elevane sine rettar**

- Elevane har rett til opplæring i bruk av IKT for å kunne fylla krava om IKT-ferdigheiter i høve Kunnskapsløftet.
- Elevane har rett på tilgang til IKT-utstyr som fungerer i undervisninga.
- Alle elevar har rett på lik tilgang til IKT-utstyr i forbindelse med gjennomføring av digital eksamen og nasjonale prøvar.
- Elevane har rett til å bli informert om innhaldet i IKT-reglementet av skulen.
- Sogndal kommune kan utlevera opplysningar om ein einskild elev eller data som tilhører ein elev dersom det er inngått samtykke, vedtekne reglement eller som følgjer av norsk lov.
- Elevane har rett til å få med seg private data som skulen ikkje lenger har høve til å ta vare på.
- Skulen vil sletta alle personopplysningar om elevane som skulen ikkje lenger har bruk for, dette gjeld ikkje informasjon/opplysningar som skulen er lovpålagt å ta vare på.

## **2. Elevane sine plikter**

- Elevar pliktar å følgja skulen sine pålegg og instruksar knytt til bruk av IKT-utstyr.
- Elevar på ungdomstrinnet pliktar å gjera seg kjent med den informasjon som skulen gir om reglar og vilkår for bruk av IKT-utstyr.
- IKT-utstyret som er plassert på skulane skal behandlast fint.
- IKT-utstyr som vert nytta i skuletida skal nyttast til skulerelaterte oppgåver.
- I skuletida skal privat IKT-utstyr, som mobil, nettbrett, bærbar pc og liknande nyttast etter avtale med skulen.
- Chat, spel, privat e-post eller generell surfing på nett skal skje etter avtale med skulen.
- Publisering av innhald på nett og kommunikasjon gjennom kommunen sitt IKT-utstyr skal på ingen måte innehalda tekst, bilete, lyd eller video som er av støyande art, eller som heng ut enkeltpersonar eller grupper.



- Digital mobbing skal ikkje skje, uavhengig om det skjer gjennom eige eller kommunen sitt IKT-utstyr.
- Brukarnamn og passord skal haldast hemmeleg og skal nyttast av den som har fått det utlevert.
- Elevar kan ikkje installere eigen programvare på kommunen sitt IKT-utstyr.
- Installasjon av programvare på PC-ane som gjer at uvedkommande får tilgang til kommunen sitt nettverk skal ikkje førekomma.
- Eleven pliktar å nytta godt nettvett når ein nyttar kommunen sitt IKT-utstyr.
- Elevane skal gjera så godt dei kan for å unngå virus eller annan øydeleggjande programvare kjem inn i skulen sitt IKT-utstyr.
- Eleven pliktar å undersøka og respektera opphavsretten til materiale som tekst, bilete, musikk, film eller lyd som vert lagt ut heimesider, fellesområde og bloggar.
- Eleven må få samtykke frå medelevar/føresette til å leggja ut bilete, lyd og video av dei.
- Elevar pliktar å varsle skulen ved mistanke om at andre bryt reglementet.

### **3. Inngrep og sanksjonar**

- Brot på IKT-reglementet kan føra til sanksjonar frå skulen/kommunen.
- Skulen har eit ansvar for å gripa inn ovanfor elevar som mobbar eller trakasserer andre elevar eller lærarar.
- Bruk av skulen sitt IKT-utstyr som bryt med norsk lov kan bli meldt til Politiet.
- PC-ar som vert nytta under eksamen kan bli kontrollert før og etter eksamen for å avdekka forsøk på juks.
- Elevar som mobbar, diskriminerer eller trakasserer andre ved bruk av kommunen sitt IKT-utstyr kan bli utestengt frå all IKT-bruk i ein periode fastsett av skulen. Særskilt alvorlege tilfelle kan bli meldt til Politiet.
- Elevar som utøvar skade på kommunen sitt IKT-utstyr kan bli heldt erstatningsansvarlege.
- All datatrafikk ved skulane kan bli loggført.
- Brot på IKT-reglementet kan også føra til sanksjonar i.h.t. Sogndal kommune, og skulen sitt generelle ordensreglement.

### **4. Ansvarsfråskriving**

- Kommunen er ikkje ansvarleg for tap eller skade på IKT-utstyr som skuldast tilhøve utanfor skulen sin kontroll.

### **5. Underskrift**

Føresette pliktar å gå gjennom IKT-reglement for elevar saman med barnet. Underskrift er å forstå som ei kvittering på at reglementet er lest og forstått. Dersom noko er uklart, eller det er spørsmål kring reglementet kan de ta kontakt med skulen. Skulen skal kvart år gå gjennom reglementet med elevane.

(underskrift frå føresette i 1. klasse – gjennomgang med elevane kvart år på skulen)